

HARAM KOMMUNE

Sakspapir

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Formannskapet	06.11.2012	117/12	Per Langnes
Kommunestyret	15.11.2012	087/12	Per Langnes

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 026	Arkivsaknr 08/1625
---------------------------	---------------	-----------------------

Organisering av eKommune Sunnmøre

Framlegg frå Rådmannen:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Haram kommunestyre vedtek vedlagte framlegg til eKommune Sunnmøre sin IKT-strategi for 2013-16. (*vedlegg 1*)
2. Haram kommunestyre godkjenner framlegg til reviderte vedtekter for eKommune Sunnmøre, heimla i kommunelova §27. (*vedlegg 2*)
3. a) Haram kommunestyre godkjenner vedlagte framlegg til samarbeidsavtale for ikt-drift heimla i kommunelova §28b. (administrativt vertskommunesamarbeid), (*vedlegg 3*)
b) Haram kommunestyre ber rådmannen delegere naudsynt mynde til rådmannen i vertskommunen (Ålesund).

Behandling i Formannskapet den 06.11.2012:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS-117/12 Tilråding:

1. Haram kommunestyre vedtek vedlagte framlegg til eKommune Sunnmøre sin IKT-strategi for 2013-16. (*vedlegg 1*)
2. Haram kommunestyre godkjenner framlegg til reviderte vedtekter for eKommune Sunnmøre, heimla i kommunelova §27. (*vedlegg 2*)
3. a) Haram kommunestyre godkjenner vedlagte framlegg til samarbeidsavtale for ikt-drift heimla i kommunelova §28b. (administrativt vertskommunesamarbeid), (*vedlegg 3*)
b) Haram kommunestyre ber rådmannen delegere naudsynt mynde til rådmannen i vertskommunen (Ålesund).

Behandling i Kommunestyret den 15.11.2012:

Ewa Hildre, H kom med framlegg om slikt tilleggspunkt under pkt.3:

c) Haram kommunestyre ber om ei evaluering etter første driftsår. Evalueringa skal sjå om intensjonen i avtalen er innfridd.

Det vart først røysta over formannskapet si tilråding som vart samrøystes vedteke. Deretter vart det røysta over tilleggsframlegget frå Ewa Hildre som også vart samrøystes vedteke.

KS-087/12 Vedtak:

1. Haram kommunestyre vedtek vedlagte framlegg til eKommune Sunnmøre sin IKT-strategi for 2013-16. (*vedlegg 1*)
2. Haram kommunestyre godkjenner framlegg til reviderte vedtekter for eKommune Sunnmøre, heimla i kommunelova §27. (*vedlegg 2*)
3. a) Haram kommunestyre godkjenner vedlagte framlegg til samarbeidsavtale for ikt-drift heimla i kommunelova §28b. (administrativt vertskommunesamarbeid), (*vedlegg 3*)
b) Haram kommunestyre ber rådmannen delegere naudsynt mynde til rådmannen i vertskommunen (Ålesund).
c) Haram kommunestyre ber om ei evaluering etter første driftsår. Evalueringa skal sjå om intensjonen i avtalen er innfridd.

Vedlegg:

Vedlegg 1- IKT-strategi eKommune Sunnmøre 2013-2016

Vedlegg 2 - Reviderte vedtekter for eKommune Sunnmøre

Vedlegg 3 - Samarbeidsavtale for IKT-drift

Saksutgreiing:

Samandrag:

eKommune Sunnmøre er eit interkommunalt samarbeid på ikt-området mellom kommunane Ørskog, Skodje, Norddal, Sandøy, Haram, Sula, Giske og Ålesund. Samarbeidet er no klart for å gå over i ei ny fase no når fellespunktet er oppretta, og treng difor nokre organisatorske tilpassingar.

Det vert difor i denne saka lagt fram forslag til framtidig organisering av eKommune Sunnmøre.

Det vert foreslått ei organisering som er ein kombinasjon av interkommunalt samarbeid etter (Kommunelova §27) og administrativt vertskommunesamarbeid (Kommunelova §28b)

Det vert i denne saka også lagt fram framlegg til nødvendige styringsdokument i tråd med foreslått organisering:

1. Revidering av vedtekter for Strategi- og bestillarleddet (koml §27)

2. Samarbeidsavtale for drifts -leddet (koml §28b)
3. Strategidokument for dei 4 komande åra.

Sakopplysningar:

eKommune Sunnmøre i prosjektperioden (2008-2012)

eKommune Sunnmøre vart danna som eit prosjekt innafor ÅRU (Ålesundregionens utviklingsselskap) med bakgrunn i kommunane sine behov for samarbeid på IKT-området. Prosjektet har vore finansiert delvis av medlemskommunane og delvis skjønsmidlar frå Fylkesmannen.

I 2008 vart det laga ein forprosjektrapport, basert på ei kartlegging av ikt-området i alle kommunane.

Prosjektet hadde følgjande visjonar og mål:

- Betre og fleire digitale tenester til innbyggjarar og næringsliv
- Meir profesjonalitet, betre driftskvalitet og –stabilitet.
- Reduserte kostnader på innkjøp, opplæring og drift.

Det vil seie oppfylle krava i KS sin strategi eKommune 2012.

Prosjektleder, Øivind Hagen, vart tilsett våren 2009. Prosjektet starta opp i mai med følgjande deltakarar: Sandøy, Haram, Giske, Ålesund, Sula, Skodje, Ørskog og Norddal, med Sykkylven som «assosiert medlem».

Prosjektet var delt inn i 2 fasar:

Fase 1: Etablering av IKT-strategi, IKT-basis (infrastruktur og felles datarom), felles kompetanseutvikling, Feide (Elektronisk identitetsforvaltning i skulane)

Fase 2: Etablere organisasjon for eKommune Sunnmøre, felles katalogløyning og felles fagsystem.

IKT-gruppa (ikt-leiarane i kommunane) vart etablert som ei samarbeidsgruppe. Infrastrukturen i kommunane vart kartlagt og arbeidet med planlegginga av eit felles datarom (fellespunktet) vart starta opp.

I løpet av 2010 vart det utarbeida forslag til etablering av ein initiell organisasjon for eKommune Sunnmøre. Vidare vart det arbeidd med ein felles ikt-strategi, planlegging av felles datarom og infrastruktur, samt at arbeidet med innføring av Feide i skulane vart starta opp. Det vart også etablert fleire fagsamarbeid mellom nokre kommunar, dvs kompetanseutvikling.

I 2011 vart eKommune Sunnmøre formelt etablert som eit §27-samarbeid, med eit eige styre, samansett av rådmennene i dei deltakande kommunane. Det var også utarbeida vedtekter. Desse vart vedtekne i bystyret i Ålesund og i dei enkelte kommunestyra vinteren/våren 2011, jf. k.sak 10/11. Det vart også i løpet av året bygd samband frå Ålesund via Giske og ut til Sandøy. Dette er trådlaust samband. Sula og Giske hadde allereie eigen fiber til Ålesund, medan Skodje hadde ein kombinasjon av fiber og trådlaust samband. Nettverket mellom desse kommunane vart etablert og terminert i Bønørve, Ålesund, som foreløpig er eKommune Sunnmøre sitt felles datasenter. Dette er i Tafjord Kraft sine lokale. Fellespunktet vart etablert med felles brannmurløysing, lagringsløyningar, serverar og kommunikasjonsløyningar. Norddal kommune og Ørskog kommune arbeider med å knytte seg til med ved å leige fiberkapasitet med Tafjord.

I 2012 er felles kataloglysing utarbeida, og vil i lpet av vren verte implementert i fellespunktet. Dette gjer at kommunane no kan gjere seg nytte av felles tenester levert fr fellespunktet. Flytting og samkyring av system vil g føre seg utover ret i den takt det er hensiktsmessig og praktisk mogleg for dei involverte partane.

Framtidig organisering av eKommune Sunnmre i driftsfase (2013-

Ei arbeidsgruppe har ftt i oppdrag av styret i eKommune Sunnmre  vurdere ulike organisasjonsformer som kan vre aktuelle ved felles organisering av ikt- tenester for medlemskommunane no nr prosjekt "eKommune Sunnmre" br over i ny fase, der ein skal drifte fellespunktet.

Gruppa har vore samansett av: Øivind Hagen(prosjektleder), Synnve Vasstrand Synnes(Skodje kommune), Ann-Mari Abelvik (rskog kommune). Saka har vore handsama av styret den 11.05.2012. Styret ga si tilslutning og vedtok  sende saka til handsaming i medlemskommunane.

Rynslene er, no nr felles datarom(fellespunktet) og infrastruktur er etablert, at prosjektet treng ein god driftsorganisasjon. Dette gjeld særleg dei utfordringar som ligg i  drifte fellespunktet og nettverket i eigen regi, noko som er intensjonen.

Gjennom opplringsprogrammet «Strategisk ledelse og IKT» for styret i regi av KS, har det ogs kome innspel p korleis ein best kan organisere IKT-drifta, men ogs organisasjonsleddet mellom styret og den utfrande IKT-drifta og koordineringa mellom kommunane sine fagmil.

Ulike interkommunale samarbeidsformer kan ha ulike verknader, fordeler og ulemper. I utgreiingsarbeidet er det to samarbeidsformer som har vist seg meir aktuelle enn andre.

I vurderingane har det vore vektlagt  finne fram til ei organisering som gjev god balanse mellom  ivareta kommunane sine behov for medverknad i styringa og ei effektiv drift.

Ut fr ei totalvurdering ser styret to samarbeidsformer som aktuelle  kombinere innanfor eKommune Sunnmre:

1. Drifts-leddet om administrativt vertskommunesamarbeid etter koml §28b
2. Strategi- og bestillarleddet som interkommunalt samarbeid, organisert etter koml §27.

Administrativt vertskommunesamarbeid(§28B)

Koml 28b-1. En kommune (samarbeidskommune) kan avtale med en annen kommune (vertskommune) at vertskommunen skal utfre oppgaver og treffe avgjrelser etter delegert myndighet fra samarbeidskommunen i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning.

Administrativt vertskommunesamarbeid inneber at ein av kommunane (vertskommune) sel tenester til dei andre kommunane.

- ❖ Er heimla i kommunelova §28b
- ❖ Vert regulert i avtale mellom kppande og selgande kommune

- ❖ Verksemda vil vere underlagt vertskommunen sin budsjett og styringsmynde
- ❖ Langsiktige avtalar vert inngått mellom vertskommune og dei kjøpande kommunane som regulerer pris og kvalitet på tenesta.
- ❖ Det er vanleg at kommunen som tek på seg drifta skal overta arbeidsgjevaransvaret for tilsette i dei andre kommunane.

Interkommunalt samarbeid (§27)

Koml §27-: To eller flere kommuner, to eller flere fylkeskommuner, eller en eller flere kommuner og en eller flere fylkeskommuner, kan opprette et eget styre til løsning av felles oppgaver. Kommunestyret og fylkestinget gjør selv vedtak om opprettelse av slikt styre. Til slikt styre kan kommunestyret eller fylkestinget selv gi myndighet til å treffe avgjørelser som angår virksomhetens drift og organisering.

- ❖ Regulert i kommunelova § 27
- ❖ Verksemda er direkte underlagt dei deltakande kommunane sin budsjett- og instruksjonsmynde.
- ❖ Samarbeidet er basert på vedtekter
- ❖ Styret vil kunne bli utsett for sterkare grad av politisk styring enn ved organisering som eige rettssubjekt.
- ❖ Dei tilsette kan vere tilsett i ein av kommunane
- ❖ Viktig med langsiktig avtale og detaljerte vedtekter mellom kommunane.

Framstillinga over viser at føresetnadane for eigarstyring er generelt best ivareteke ved interkommunalt samarbeid etter § 27, der organisasjonen er direkte underlagt dei respektive kommunane sin instruksjonsrett. Eit § 27-samarbeid vil i større grad stille krav om godt samarbeid mellom deltakarkommunane, samstundes som organisasjonen sin føresetnad til å ta raske avgjerder og den forretningsmessige fridom kan bli mindre. Utstrekt eigarstyring kan føre til mindre effektiv drift. Det er likevel grunn til å anta at IKT-drift er eit område av den kommunale tenesteproduksjonen der behovet for tett politisk oppfølging og kontroll med tenesta er ikkje er særleg avgjerande. Tenesta er eit støttesystem for tenesteproduksjonen.

I vurdering av ulike organiseringsformer har fordelar og ulemper vore vege mot kvarandre med fylgjande konklusjonar:

IKT-drifta bør organiserast som eit vertskommunesamarbeid etter koml §28b, der Ålesund kommune er vertskommune. Dette er vurdert som den mest effektive og kostnadmessig rimelegaste måten å organisere ikt-drifta på. Standardisering av nettverk, serverar og programvare vil gi økonomiske og driftsmessige innsparingar. Ålesund kommune sit med naudsynt spesialkompetanse til å drifte dei viktigaste elementa i det som er nemnt ovanfor. Her får ein altså ut stordriftsfordelane relativt tidleg.

Strategi- og bestillarleddet si organisering har vore grundig drøfta i høve fortsatt koml §27- samarbeid eller vertskommune-organisering etter koml § 28b. Styret kom til at ei vidareføring av koml §27-samarbeid kan vere ein fordel fordi dette legg betre til rette for medverknad for den einskilde kommune, sjølv om ei vertskommuneorganisering også her kan vere effektivt. Dette gjev imidlertid dei andre kommunane mindre valfridom og sjølvstende innan ikt-området. Eit koml §27-


samarbeid her vil ikkje trenge ny kommune-/bystyre handsaming, men ei revidering av vedtektene.

Styret har konkludert med at samarbeidet vert organisert som i dag (koml §27), men at ein under styret etablerer ei strategi- og bestillargruppe som saman med styret ivaretek strategi- og bestillar funksjonen. Her kan då t.d. følgjande oppgåver ligge:

- Planlegge, styre og gjennomføre IKT-prosjekt og aktivitetar
- Vurdere og anbefale koordinering av lokale IKT-tiltak
- Vidareutvikle, vedlikehalde og operasjonalisere IKT-strategien
- Planlegge og koordinere felles tiltak knytt til IKT-området
- Utreie og anbefale harmonisering av kommunane sine IKT-løysingar
- Økonomistyring knytt til fellespunktet og konsekvensar for kommunane

I arbeidsutvalet må det sitte personar med ulik kompetanse, som kan dekke flest mogleg av desse funksjonane, samt at fleire kommunar bør vere representerte. I utgangspunktet er det eit mål å etablere ein så "slank" og effektiv organisasjon som råd. Ein ønskjer difor å starte i det små med å engasjere tilsette med ønska kompetanse frå medlemskommunane etter behov. Engasjementa kan kompenseras økonomisk for til dei kommunane som dette skulle vere aktuelt for.

Skjematisk kan ein framstille organiseringa på denne måten:



For driftsdelen av samarbeidet er det utarbeida framlegg til vertskommuneavtale. For strategi- og bestillarledet er vedtektene revidert. Framlegg til reviderte vedtekter og framlegg til samarbeidsavtale for vertskommunesamarbeidet ligg ved denne saka.

I praksis inneber organiseringa etter vertskommuneprinsippet at dei tilsette som har Ikt-oppgåver i medlemskommunane vil få Ålesund kommune som arbeidsgjevar og at alle slik inngår i ein "pool" av ikt-kompetanse med stor fagleg breidde. Dette miljøet vil i heilskap ha mykje større føresetnader for å tene kommunane på ein betre måte enn det kvar einskild ikt-medarbeidar i kommunane har hatt føresetnad for å gjere. Gjennom arbeidsavtalar med kvar einskild tilsett og behova til avgjevarkommune vert det vurdert individuelt t.d. oppmøtestad og oppgåver. Det er ei målsetting av behova for ikt-tenester lokalt skal også støttast, og at ikt- personalet også vil ha tenestetid ute i kommunane. Dei tilsette og organisasjonane skal vere sterkt involvert i prosessen. Målet er å kunne tilby dei tilsette eit meir interessant og lærande arbeidsmiljø og oppgåver tilpassa betre til kvar einskild sine interesser og kompetanse. Prosessen vil skje ved "verksemdsoverdraging" etter reglane i Arbeidsmiljølova.

Kommunane har i større eller mindre grad nytta kjøpte konsulenttenester for å drifte ikt-systema i kommunane. Ved å danna eit fagmiljø gjennom eit administrativt vertskommunesamarbeid er det rekna med at kommunane sitt behov for kjøp av slike tenester frå eksterne leverandørar vil bli vesentleg redusert. Slik kan eit vertskommunesamarbeid på drift vere med på å leggje til rette for meir kostnadseffektiv ikt-drift ved at kvar kommune vil få tilgang på ein breiare Ikt-kompetanse. Med dagens kommunikasjonsløyserar kan det meste fjernstyrast, og det har i praksis liten betydning kvar den einskilde ikt-konsulent har kontorstad, men

målet er likevel å ivareta dialog og "nærleik" til deltakar kommunane ved at dei tilsette framleis vil ha tenestetid ute i den einssilde kommune.

For strategi- og bestillarleddet vil det i praksis bety at det vert engasjert tilsette frå medlemskommunane med passande kompetanse inn i arbeidet etter behov. Det vil vere ei kontinuerleg vurdering av dimensjoneringa av dette leddet. Det vert difor lagt opp til at ein i starten ikkje tilsett arbeidstakarar i faste stillingar, men at ein engasjerar folk i arbeidet frå medlemskommunane. Slik kan ein frå starten ha kontroll med dimensjoneringa og kostnadane og tilpasse det etter kvart. Slik "leige" av arbeidskraft frå medlemskommunane kan kompenseras økonomisk til dei kommunane det gjeld. I tillegg vil leiarfunksjonen for strategi- og bestillarleddet vere plassert her.

Det vert sett som teneleg at dagleg leiar vert tilsett i Ålesund kommune i rådmannen sin stab, slik at strategi- og bestillarfunksjonen vert organisatorisk skilt frå driftsorganisasjonen.

Økonomi:

Informasjon og kommunikasjonsteknologi vert stadig større og viktigare del av den kommunale drifta. Krava til sikkerheit aukar og stadig er det krav om å ta i bruk nye elektroniske hjelpemiddel og programvarer i den daglege produksjonen av kommunale tenester. Drift av nettverk og innkjøp av programvare er kostbart og krev at kommunane både har god kompetanse og kapasitet innan strategisk ikt-utvikling og drift og innkjøpskompetanse. KS og Difi sine undersøkingar viser at det er få kommunar som kan tilfredstille desse krava, i alle fall av dei små kommunane. Drift av eige nettverk, innkjøp av konsulenttenester, manglande standardisering og for dårleg innkjøpskompetanse og kapasitet gjer at ikt –drifta i kommunane i dag er lite kostnadseffektiv. Slik er ikt-området svært eigna for interkommunalt samarbeid, og det vil gjere det mogleg å yte betre tenester til innbyggjarane meir kostnadseffektivt enn om kvar kommune skulle gjere arbeidet aleine.

Ikt-området vil ikkje i framtida bli mindre for kommunane. Kostnader til drift og utvikling vil auke i takt med det den digitale utviklinga elles i samfunnet. Det er difor viktig at ein søker å utvikle eit interkommunalt samarbeid som er kostnadseffektivt og framtidsretta. Til meir kommunane kan "gå i takt" og til meir ein kan standardisere programvare, til meir økonomisk gevinst kan kommunane hente ut.

I prosjektfasen har det vore nytta ein fordelingsnøkkel for fordeling av kostnadane mellom medlemskommunane: 30% av kostnadane vert fordelt likt mellom kommunane, medan 70 % vert fordelt etter innbyggjartal. Den fordelingsnøkkelen er det fleire andre ikt- samarbeid som brukar. Nokre samarbeid har høgare prosentdel som vert fordelt likt. Ingen samarbeid har lågare. Det som er litt særskilt for eKommune Sunnmøre er den store forskjellen på kommunane i innbyggjartal. Fordelingsnøkkelen bør difor årleg vurderast slik at kostnadane vert mest mogleg rettferdig fordelt og slik at kostnadsutviklinga for kvar av kommunane vert til å "leve med".

Dette vil vere særleg viktig i oppstartsåra, før driftssituasjonen har stabilisert seg. Det er antatt at ein på grunna av stordriftsfordelane og standardisering vil kunne vere i stand til å halde kostnadane på drift og investering på om lag same nivå som i dag.

Kostnadsfordelingar/kompensasjon angående overføring av ikt-personell vert ivareteke ved avtale mellom vertskommunen og den einkilde kommune.

Det er vurdert om det finns delar av eksisterande lokal IT-organisasjon som kan fungere effektivt, lokalt styrt i den enkelte kommune. Det mest aktuelle er skule, men sjølv der vil det vere lite gunstig at lokalt personale har ansvar for nettverkskomponentar (svitsjar). Dette skuldast at det vil eksistere mange ulike skilde nettsegment i skulen sine svitsjar, som elevpc, lærarpc, administrative pc-ar, privat utstyr (smarttelefonar, nettbrett, berbar pc), tynnklientar, ip-basert fasttelefoni osv som også skal reflekterast i WiFi-basestasjonar for trådløs aksess. Sikkerheit må vere eit overordna prinsipp for styring av fellesnettet. Det ekskluderer då omfattande lokalt bidrag frå skulen sitt personell på nettverkssida. Konklusjonen er at hovudprinsippet for effektiv nettdrift er at ei eining («Telekom») har ansvaret for nettverket frå ytterste svitsj, t.d. i skule/barnehage («kantsvitsj»), til serverromssvitsjar («backbone»). Felles nettdrift er det aller viktigaste grepet for effektivt samarbeid.

Dette er grensegangar som det bør arbeidast grundig med i den vidare prosessen.

Tabellen under synleggjer tal på IT-årsverk som vil gå inn i "poolen" i vertskommunesamarbeidet (kolonne 3). Vidare viser den dei driftskostnader(synleggjort i stillingsprosent) som den einkilde kommune må bidra med i finansiering inn i drifta av fellespunktet.(kolonne 6). For nokre kommunar ser vi at kostnadane vil verte høgare enn det som kommunane har i it-stillingar i dag. Dette er viktig å sjå dette i samanheng med dei økonomiske ressursane som kommunane i dag nyttar på kjøp av eksterne konsulenttenester og ressursane som i tillegg vert brukt i administrasjon av it-tenestene i kommunane. Behovet for slike ressursar vil verte vesentleg lågare enn nivået i dag, om kommunen sine it-system driftast gjennom fellespunktet.

							Årlig driftskostnad
01.01.2012	Innbyggerar	IT-årsverk Ca-tal.	pr innb.		30% Fast	70% Var.	it-årsverk
Giske	7312	4	1462		1,09	1,89	2,98
Haram	8973	2	4487		1,09	2,32	3,41
Norddal	1738	1	1738		1,09	0,45	1,54
Sandøy	1315	1	1315		1,09	0,34	1,43
Skodje	4184	2	2092		1,09	1,08	2,17
Sula	8256	1	8256		1,09	2,14	3,23
Ørskog	2202	1	2202		1,09	0,57	1,66
Ålesund	44416	17	2613		1,09	11,50	12,59
	78396	29			8,70	20,30	29,00

Driftsbudsjettet utanom lønn/personalkostnadar må tilpassast i kva grad ein ønskjer at kostnadar (lisensar, vedlikehald, sambandsleige m.m.) skal betalast gjennom vertskommunesamarbeidet. Det gjev lite operasjonell effektivitet dersom vesentlege delar av kommunane sine it-budsjett vert halde tilbake i kommunane, då det vil krevje prosessar med kostnadsfordeling og evt. avvikande fordelingsnøklar og diskusjonar rundt dette.

Det vil bli behov for at den einskilde kommune løyver investeringsmidlar til å investere i fellespunktet. Omfanget av investeringsmidlar vil avhenge av kva tiltak i fellespunktet som den enkelte kommune ønskjer å delta i.

Det er viktig at noko midlane vert sett av til å drifte strategi- og bestillarleddet. Styret foreslår eit omfang som tilsvarar to stillingar. Finansiering av stilling til 100 % dagleg leiar og om lag 100 % stillingsressurs til å engasjere naudsynt tilleggskompetanse.

Vurdering:

Styret har lagt fram forslag for ein samla organisasjonsmodell som kan ivareta både drift, strategisk utvikling og bestilling av ikt-tenester for medlemskommunane.

I strategi- og bestillarleddet er det lagt til rette for at kommunane sine behov for medverknad vert ivareteke, samstundes som drifta vert organisert etter ein modell som kan legge til rette for effektiv drift. Det vil vere ein føresetnad for størst mogleg økonomisk gevinst at leiinga i medlemskommunane samarbeider godt for å oppfylle dei overordna føringane t.d i forhold til standardisering av programvare og det å "gå i takt".

Samarbeidskommunane vil også kunne ha eit nærare fagsamarbeid gjennom samordning av delar av systemporteføljen. Dette vil gje fagavdelingar (rekneskap, lønn, kart osv) muligheit for å samarbeide på tvers av kommunestrukturen, basert på felles it-løysingar.

Det er positivt at det vert lagt opp til ei "slank" organisering av strategi- og bestillarleddet frå starten av. Å skape ein ny organisasjon er ein omfattande prosess, og det er viktig at det i utgangspunktet vert skapt rom for utprøving når det gjeld stillingsstorleik og kompetansesamansetting. Det er positivt at det vert vidareført eit §27 samarbeid i styringa av eKommune Sunnmøre som legg til rette for at eigarmedverknad vert ivareteke. Samarbeidsavtalen for vertskommunedelen som gjeld drift og framlegg til reviderte vedtekter som gjeld strategi/bestillar -leddet er i samsvar med krava i kommunelova.

Rådmann

Per Langnes
Leiar Stab/støtte

